



ARBEIDSGIVERRELATERT LEDELSESUTVIKLING

SØKNAD OM OU-MIDLER

Søknad fra:	Lindås kommune
Kontaktperson:	Hilde Bognøy Kleivdal e-mail: hilde.kleivdal@lindas.kommune.no
Telefon (kontor):	56 37 51 85 (mobil):

Målgruppe: Leiarne i Lindås kommune

Innhold: «Korleis kan eg bli ein betre leiar?» Fokus på leiarrolla
Mål: styrke leiarane sine ferdigheiter innan adferd og kommunikasjon, knytta til strategisk leiing og endringsleiing.
Gjennom 8 heildagssamlingar og individuelt arbeid mellom samlingane vil vi arbeide med å styrke våre strategiske leiarar i leiarrolla. Tilsaman vil dette gjelde 18 leiarar, sjå vedlagt organisasjonskart.
Viser til søknad frå 25.10.17 og svar om tilsegn mottatt 09.11.17, der vi starta med ei dagssamling for toppleiargruppa, vidare skal vi ha ei tilsvarande samling med einingsleiararane 24.nov, før vi planlegger ei felles leiarutvikling med oppstart 15.des som skal vare i heile 2018.
Lindås kommune er i ein prosess der vi skal slåast saman med to nabokommunar frå 01.01.2020. I forkant av denne prosessen ser vi verdien i å styrke leiarane i si leiarrolle. Viser vidare til KS sitt hefte «Guide til god leiing» som gir oss retning og støtte i vår leiarutvikling.
«God ledelse er avgjørende for fortsatt å kunne levere gode tjenester i et samfunn- og arbeidsliv i endring.» ... «Hvilke ferdigheter som kreves av deg som leder avhenger av hvilke situasjoner og relasjoner du står i. Det er derfor viktig at du er bevisst dine sterke sider og mindre sterke sider som leder, og hvilke ferdigheter du trenger å trene på.» Modellen som skildrar kart og terreng for god leiing, viser tydeleg kor viktig endringsorientering er eller sagt på ein anna måte at vi er «skodd for framtida».
Som 10-faktor også vektlegg, er det mange måtar å vere god leiar på. Det er ingen fasit, men det fins ei rekke beste praksis for god leiing. Det handlar difor om å bli medviten på kva ein er god på og korleis ein kan bli betre. Her kan ein lære av kvarandre. Det som ein har som styrke, vil ein anna kunne ha som utviklingsområde. Alle kan tilpasse adferden sin til situasjonen, noko vil berre krevje meir energi.
Vi har i 2017 vektalgt den oppgåveorienterte delen av leiarrolla, med fokus på system og struktur. Vi har revidert leiaravtalane, utvikla felles mal for prosjektstyring og verksemdsplanar, samt implementert KS kvalitet. Samtidig har vi eit fokus på

kontinuerlig forbetring, med Lean som driftstrategi. Leiarane har no kome i mål med sin verksemdsplan og arbeider med å implementere planen i alle mikroprosessar i si eining. Dette skal vere ein levande plan og at vi skal vidare sjå leirautvikling i eit heilskapleg perspektiv, difor vil vi spesielt knytte verksemdsplanen opp mot leiarutviklinga vi no planlegg.

Gjennom samarbeid med Åsbjørn Vetti i KS, har vi m.a fokuset på kva strategisk leiing er, no vil fokuset vere korleis kvar og ein kan arbeide meir strategisk. Gjennom samarbeid med Volo og verktøy i DiSC® «Work of leaders» vil vi jobbe med våre leiarar. Trening og utvikling krev fokus over tid, der tillit og tryggleik må ligge i bunn. Vi har så langt god erfaring med verktøyet og vi er trygge på at dette vil styrke våre leiarar sine ferdigheiter og kommunikasjon. Metodikken krev aktiv jobbing med eigen utvikling, både i i oppdage, forstå og utvikle seg. Vi ser vidare store fordelar med felles begrepsapparat i dette utviklingsarbeidet på tvers av sektorar og utdanningsbakgrunn, som igjen vil bidra til styrke leiarkulturen i vår organisasjon.

Det er viktig for oss å ha eit utviklingsprogram over tid, som vil ruste leiarane no og over i ny organisasjon. Vi har tatt høgde for at vi kan knytte på evt. nye leiarar etter kvart, og ser på dette som ei langsiktig investering.

Ansvarlig for gjennomføring av opplegget: Interne ressursar, Hilde Kleivdal-personalrådgivar og Helge Tangen- personalsjef, i samarbeid med Volo AS v/ Arild Berg. www.volo.no. Dei interne instuktørane er sertifisert i Disc® m.a verktøyet «Work of Leaders» og arbeider på personalavdelinga m.a med leiarutvikling. Viser til førre søknad og verdien av samspelet med eksternt leveranse med interne ressursar for at kompetansen skal sitte i organisasjonen etter at konsulenten har avslutta sitt bidrag.

Tidsrom: 2018

Oppstart: 15.12.2017

Forventet avslutning: 07.12.2018

Er avtale inngått? x JA

NEI (Hvis –JA-, legges avtalen ved)

FINANSIERING:

Avtalt honorar/deltakeravgift	kr. 256 000,-
Ev. reise- og oppholdsutgifter konsulent(er)(estimert)	Kr 60 000,-
Ev. materiell	Kr 41 250,-
Sum utgifter	Kr 357 250,-
Egne midler 19 leiar i 8 dgr kr 512 000,- + 2interne instruktører 10 dgr inkl førbuing kr 57 600	Kr 596 600,-
SØKNADSSUM	Kr 347 250,-

Dato: 09.11.17

Hilde B. Kleivdal

(underskrift)

 2 vedlegg